

*‘Min mann har
sittet i fengsel
siden 2017.*

*Jeg ber dere:
Øk offentlig
bevissthet om
undertrykkelsen
av trosfriheten
i Vietnam.’*



Nguyen Thi Lanh, kona til demokrati-aktivisten
Nguyen Trung Ton, skriver brev fra Vietnam 2

Hjelp min fengslede mann



- **Nguyen Trung Ton**
- Alder: 53
- Protestantisk pastor
- Demokrati- og menneskerettsaktivist
- I fengsel 2011 – 2013 for «propaganda mot staten»
- I fengsel siden 30. juli 2017 for «aktiviteter for å undergrave folkets styre»
- Sitter i Gia Trung-fengselet, Gia Lai-provinsen

■ **Kjære venner** i Stefanusalliansen. Mitt navn er Nguyen Thi Lanh. Jeg er kona til pastor Nguyen Trung Ton. Han er fengslet for andre gang, nå med en dom på 12 års fengsel og tre års husarrest.

Med stor takknemlighet i hjertet skriver jeg til Stefanusalliansen, den kristne misjons- og menneskerettsorganisasjonen i Norge, som har gitt min mann og min familie støtte og forbønn hele tiden han har vært fengslet.

Åtte år bak murene

Min mann har vært bak fengselsmurene sammenhengende i snart åtte år, siden han ble arrestert 30. juli 2017. De arresterte han hjemme i Thanh Hoa. Han satt også to år i fengsel fra 2011 til 2013. I hele den lange prøvelsen familien har vært gjennom, har også jeg vært påført mye motgang av myndighetene.

Min lille bod på det lokale markedet har vært vårt hjelpemiddel for å overleve. Men i 2018 kastet noen søppel på varene mine, og jeg mistet hele varelageret fordi alt ble tilsølt. Familien min er sosialt isolert fordi naboene har forbud mot å ha kontakt med oss.

«Livet hans er så skjørt»

Før min mann ble arrestert i 2017, ble han banket opp og hardt skadet. Han måtte gjennomgå en kneoperasjon. Han haltet fortsatt og var ikke frisk da de fengslet ham.


Min mann sliter med helseproblemer også i leveren og nyrene. Han får ikke de medisinske undersøkelsene som han trenger. Livet hans er så skjørt bak murene.

Jeg skriver for å be dere om å øke den offentlige bevisstheten om undertrykkelsen av trosfriheten i Vietnam. ■

Hilsen
Nguyen Thi Lanh
VIETNAM

” Min manns liv er så skjørt i fengsel

Nguyen Thi Lanh



Det håndskrevne brevet fra Nguyen Thi Lanh.

Utgiver:
Stefanusalliansen

Adresse:
Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo
post@stefanus.no

Telefon:
23 40 88 00

Ansv. redaktør:
Johannes Morken
jm@stefanus.no

Redaksjon:
Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Eva Frydenborg

Forside:
Nguyen Trung Ton.
Foto: privat. Illustrasjon:
Morten Ravnbo

Design:
Von: Bendik Schøien

Trykk:
Kai Hansen Trykkeri

Opplag:
17 200

Gavekonto:
3000 14 57922

VIPPS:
19013



sammen for de forfulgte

Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjektors regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

Magasinet kommer gratis sju ganger i året.
Bestill med SMS: MAGASIN til 2377 eller post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB: kabb@kabb.no

www.stefanus.no
f/stefanusalliansen
@stefanusalliansen

Dei må kjenna at vi bryr oss

Brevet frå kona til ein vietnamesisk fange bør få oss til å ropa ut ein protest og falda hendene i bøn.

■ **På sida til venstre** kan du lesa brevet frå ei hardt prøvd kvinne. Mannen henna har vore fengsla i snart åtte år og skal sitja i vietnamesisk fengsel til juli 2029. Han har verken stole eller drepe. Han har kjempa for menneskerettar. Kona har sjølv vore i politiafhøyr for å ha forsvart mannen.

Den fengsla er pastor Nguyen Trung Ton. Han var med i Brorskap for demokrati. Svaret frå regimet var harde fengselsstraffer for «aktivitetar med sikte på å styrta folkets styre». I Hanoi i april 2018 vart han og fem andre frededelege aktivistar dømde av eit regime som hevdar dei styrer på vegne av folket – det er ei autoritær løgn.

Fengsla på nytt

Nyleg blei også ein annan pastor arrestert med den same skuldinga etter at han, på Facebook, hadde protestert mot statleg maktmisbruk mot menneske som staten stel eigedom frå.

I Gia Trung-fengselet der pastor Nguyen Trung Ton sonar, sat også ein annan av dei dømde frå rettsfarsen i 2018. Nguyen Bac Truyen fekk 11 år bak murane. Han slapp gledeleg nok ut hausten 2023 etter internasjonalt press. Han og kona fekk opphald i Tyskland. Truyen er ikkje frikjend og blir arrestert dersom han vender heim. Han er framleis under press frå regimet i heimlandet. Utan å ta seg betalt stod han som jurist opp

for krigsveteranar, offer for landran og forfulgte religiøse minoritetar. Truyen fekk Stefanusprisen, oppretta av Stefanusalliansen, i 2020.

Systematiske angrep

Regimet i Vietnam har dei siste åra trappa opp systematiske angrep på sivilsamfunnet. Aktivistar som kjempar for miljøet eller som står opp for menneske som vert frårøva eigedom, vert vilkårleg arresterte. Regimet kastar rundt seg med «trugsmål mot den nasjonale tryggleiken», endå ei autoritær løgn.

Livsfarleg trussel

Ein menneskerettsorganisasjon som Stefanusalliansen har samarbeidd med, BPSOS, er nyleg sett på liste over organisasjonar «knytte til terrorisme». Det same er den 67 år gamle leiaren, Nguyen Thin Thang, busett i USA. Ja, BPSOS har stått opp for blant andre hardt pressa kristne blant fjellfolket montaganard.

Men påstanden om terror er ei tredje autoritær løgn, berre meint for å ramma eit tydeleg sivilsamfunn og dei som står opp for dei forfulgte.

» Påstanden om bidrag til terror er ei autoritær løgn.

Kona til ein fengsla pastor ber oss altså gjera meir for alle som kjempar for trusfridom og andre menneskerettar i Vietnam. Vårt svar må vera: Både folk som sit i fengsel eller er truga på livet utanfor murane, må vita at vi bryr oss. ■



■ **Johannes Morken**
Redaktør

Feruz gler seg over ei kyrkje der folk lovleg kan møtast. Av tryggingssgrunnar viser vi ikkje andletet og det rette namnet hans. Foto: Johannes Morken



Var forfølgde. Blei lovlege

Alsana og Feruz fekk merke forfølginga på kroppen i årevis, før dei til slutt fekk registrert kyrkja si i ein by i Usbekistan.

TEKST: JOHANNES MORKEN, TBILISI, GEORGIA



Eg var ein stolt muslim.

Feruz

■ – Vi opplevde så mykje forfølgning at det var godt til slutt å ha ein stad for lovleg å møtast saman med andre truande, seier Feruz til Magasinet Stefanus.

Magasinet Stefanus møter ekteparet i Tbilisi i Georgia. Sidan kyrkja blei registrert og godkjent i 2020, kunne pastorparet i dag stått fram med fullt namn. Men sidan dei i dette intervjuet også fortel om forfølginga og presset i åra før, vågar dei ikkje.

Feruz og Alsana er altså ikkje dei verkelege namna deira. Kyrkja ligg i ein region av Usbekistan med langt meir krevjande forhold for trusfridom enn i hovudstaden Tasjkent. Stefanusalliansen støttar frå 2025 arbeidet deira for disippeltrening for kvinner, leia av Alsana.

– Vi takkar for støtte til opplæring og trening av kvinner, seier ho.

Var stolt muslim

Feruz vaks opp i ein svært aktiv muslimsk familie. Bestefaren var mullah og imam. Sjølv kunne Feruz frå barnsbein av lesa Koranen med arabiske bokstavar, sidan det kom muslimske misjonærar frå arabiske land.

– Eg var ein stolt muslim som trudde at Muhammed var den siste profeten, seier Feruz.

Andre året på universitetet møtte han Alsana. Ho fortalte at ho var kristen.

– Alsana fortalte at ho hadde kontakt med Gud. Det var svært framandt for meg. Eg las Koranen, men hadde ikkje kontakt med Allah. Eg bad henne gje meg ein bibel. Eg las og forstod at Gud ikkje var langt borte, at Han snakka med menneske. Eg oppdaga at eg kunne koma i kontakt med Gud. Men eg rekna meg framleis som muslim.

I to og eit halvt år bad Alsana for kjærasten.
– Då kom eg til at Jesus Kristus er sann Gud. Men eg opplevde dette som å svika islam, seier han.

Feruz hugsar enno den 26. januar i 2001, like etter midnatt. Han hadde bede til Gud i halvannen time.

– Eg sa: «Du er Allah. Du er éin. Men kven er du? Kven er sann? Muhammed eller Jesus?» Neste morgon fekk eg det klart føre meg: Jesus er sann, seier Feruz.

Han bad og vedkjente trua på Jesus.

Dåp og bryllaup

Men han og Alsana kjende ingen andre kristne i byen der dei budde. I mars det året kom to kvinnelege misjonærar, ei frå Russland, den andre frå Kasakhstan. Då Alsana og Feruz fekk koma heim til dei, sette dei to kvinnene straks på kassettar med kristen undervisning.

Men Feruz var den einaste mannen og ville ikkje gå fleire gonger. Alsana gav seg derimot ikkje så lett. Etter den fjerde kvelden vart Feruz døypt i Den heilage ande. Han snakka i tunger. Då ville han berre ha meir.

Same månaden blei dei gift. Om kvelden, etter bryllaupet, vart Feruz døypt i vatn.

I mai i 2001 måtte dei to misjonærane forlata landet. KGB, det hemmelege politiet, hadde oppdaga kva dei dreiv med. Før dei to kvinnene reiste, vart Feruz beden om å vera pastor. Han og Alsana etablerte ei gruppe på universitetet.



Alsana fortalte at ho hadde kontakt med Gud. Det var svært framandt for meg.

Feruz

Alsana kom i kontakt med ei ung kvinne som såg svært nedtrykt ut. Til kvinna sa Alsana: «Gud elsker deg». Kvinna fortalte at ho hadde planlagt å ta livet sitt. I glede over kjærleiken ho uventa vart møtt med, tok ho imot Kristus og la bort sjølv mordstankane.

Varsla det hemmelege politiet

Den unge kvinna gjekk til foreldra og fortalte at ho hadde teke imot Jesus. Ho sa at ho som hadde vore så nedtrykt at ho ville ta livet sitt, no verkeleg ville leva.

Men foreldra blei ikkje berre glade. Dei hadde viktige offentlege rollar i byen og vart straks redde for dette med trua på Jesus. Faren varsla KGB, det hemmelege politiet. Universitetsleiinga truga med å kasta Alsana og Feruz ut – like før avsluttande eksamen. →



I kyrkja «Håp» er det gudstenester både laurdag og søndag.

Foto: Feruz



Rektor underviste sjølv i ateisme. Dei neste dagane var svært spente. KGB henta Feruz til avhøyr. Dei kørde deretter for å henta Alsana heime. Då visste Feruz at KGB ville oppdaga den kristne litteraturen deira. På vegen heim fekk han brått den innskytinga at han skulle ringa på til naboen, for å avleia KGB. Med denne manøveren klarte han å gje Alsana tid til å kasta dei kristne bøkene ut av vindauga. Ho ringte bror sin slik at han plukka dei opp, før KGB til sist fann rett dør.

Far til Feruz fekk høyra frå universitetet at sonen og svigerdottera var utviste og at «sonen din er blitt gal, send han på psykiatrisk sjukehus». Faren bad om orsaking for det sonen hadde gjort og trygla om at Feruz og Alsana ikkje måtte bli kasta ut. Men svaret var at avgjerda var teken.

Slik gjekk det likevel ikkje. Alsana og Feruz ser det som bønnesvar. Dei fekk avslutta studiane.

– Men det var ei vanskeleg tid. KGB truga ikkje berre oss, dei ringte alle i gruppa vi hadde laga på universitetet. Venene der vart redde, dei slutta å koma på møta, fortel Alsana.

KGB etter dei igjen

Feruz og Alsana takka ja til eitt år på ein nystarta bibelskule i hovudstaden Tasjkent. Deretter etablerte dei ei kyrkje i heimbyen, med nye folk sidan dei første hadde trekt seg unna. Det var ikkje utan grunn. For snart var KGB etter Feruz og Alsana igjen.

I 2017 toppa det seg. Den 5. januar var fire ektepar samla. Det var kveld og mørkt slik at ingen skulle sjå dei då dei møttest. Men denne kvelden vart dei likevel oppdaga. Brått stod politiet i døra. For politiet var dette ei forboden religiøs samling.

Alle vart avhøyrde. I mars måtte mennene i retten. Feruz og tre andre vart dømde til 15 dagars fengsel kvar.

– Fengselssjefen sa: «De er forrædarar. Eg er skamfull over at folk herifrå svik islam. Hadde det vore i mi makt, ville eg drepe dykk med kniv.»

” Det er stadig kontrollørar i kyrkja – som ikkje er ein stad der vi snakkar politikk.

Feruz

Feruz hamna i celle med ein radikal muslim. «Då eg hørde at det finst kristne her, følte eg avsky», fortalde den radikale.

Men medfangen stilte Feruz spørsmål om kristendommen. Den radikale muslimen spurte ein dag korleis han kunne ta imot Kristus. Då han slapp fri litt tidlegare enn Feruz, bad Feruz han ringa Alsana og fortelja at han var OK. Muslimen fortalte Alsana at Gud hadde sendt Feruz inn i livet hans og opna augo hans.

I fengselet vart ein av dei andre mennene banka opp, og tvinga til å forneкта trua. «Eg forneкта Kristus med leppene mine, men ikkje i hjarta», sa han fortvilt til Feruz då han viste Feruz blåmerka og såra.

«Vil Gud tilgje meg?» spurde han.

Feruz svarte: «Ja, Gud vil tilgje deg.»

Alsanas frykt

I fengselet vart Feruz åtvåra: Også Alsana ville bli arrestert neste gong dersom han ikkje slutta med ulovlege samlingar. Heime hadde Alsana kjent ei djup uro medan Feruz sat i fengsel.

– Den største frykta mi var at han ville bli slått og audmjuka. Eg visste at slikt skjer i fengsla våre. Eg hadde det vondt. Ville han bli sett fri etter to veker, slik dei hadde sagt, eller ville dei halda han i årevis? Ville han hamna blant dei som berre «forsvinn»?

Alsana var også uroleg for at slekta hans ville bli sint på henne, sidan det var gjennom henne Feruz var blitt Jesus-truande og sat i fengsel.

Som kona til pastoren hadde Alsana dessutan, som andre pastorkoner, eit tungt ansvar i den hemmelege huskyrkja. Ho var rådgjevar og støttespelar for alle kvinnene, som var i fleirtal. Ho leia kvinnemøta – der måtte dei lata som dei feira bursdag dersom politiet kom. Ansvaret var tungt, Alsana måtte visa seg ekstra sterk sidan mannen sat i fengsel.

Feruz og dei tre andre kom ut av fengsel då dei 15 dagane var gått. Han heldt fram tenesta. Men Alsana

vart endå meir nedfor. Ho kunne ikkje lata vera å tenkja på orda til politimannen som arresterte Feruz: «Som truande vil de aldri få eit godt liv. Vi vil aldri lata dykk vera åleine.»

Ho hadde fått høyra at ho som var utdanna ved eit universitet, aldri ville bli til noko. Alsana tenkte meir og meir på kva barna kunne bli utsette for. Ville dei aldri få utdanning? Kva hadde dei påført barna av problem?

Stress og press

Stresset slo ut i psykosomatisk sjukdom og store utslett. Nokre i kyrkja forstod at Alsana trengde hjelp. Dei fekk sendt henne til «Josefs hus», ein retreatstad for pastorfamiliar frå Sentral-Asia, støtta av Stefanusalliansen i eit land utanfor Sentral-Asia. Dit fekk Alsana dra tidleg i 2018.

– Der fekk eg for første gong lov til å kjenna på at eg var svak og læra å akseptera meg sjølv. Eg fekk læra om det å vera utbrent og fekk råd om å takla stress og press. Eg fekk også rom for å vera åleine, andlet til andlet med Herren. Det gav meg eit åndeleg gjennombrøt. Etter dagane på «Josefs hus» hadde eg fått styrken tilbake. Eg var klar til å reisa heim til vidare teneste og for å ta meg av familien.

Fekk registrering

Etter at Usbekistan fekk ny president i 2016, vart det frå 2018 litt friare. Fleire kyrkjer i byen til Feruz og Alsana søkte registrering. Alle var spente då Magasinet Stefanus gjesta dei hausten 2019. I 2020 fekk kyrkja deira, «Håp», registrering. Dei andre fekk ikkje.



Saman med andre kvinner på «Josefs hus» fekk ei nedtrykt Alsana styrken tilbake. Foto: Vija Herefoss

Usbekistan

- Folketal: 36,4 mil. (Verdsbanken, 2023)
- Hovudstad: Tasjkent
- Hovudreligion: Islam (sunnit)
- Russisk-ortodokse kristne: 820 000
- Katolske og protestantiske kristne
- Andre: Bahai-er, buddhistar, jødar mfl.



Feruz blei oppringt frå politiet, frå spesialavdelinga som driv kamp mot ekstremisme. Politisjefen gratulerte og sa at heretter skulle politiet halda vakt, ikkje vera etter dei.

Fleire kyrkjer som ikkje fekk registrering, brukar lokala til «Håp». Laurdag og søndag er det fullt av gudstenester.

– Styresmaktene godtek dette, då veit dei kva alle driv med. Det er stadig kontrollørar i kyrkja, som ikkje er ein stad der vi snakkar politikk, seier Feruz.

Men utanlandske gjester kan ikkje preika eller koma med helsingar. Ein gong Feruz inviterte ein utlending inn i kyrkja, fekk han ei skarp åtvaring.

– Eg forstår ikkje kvifor dette ikkje er lov, seier han.

Men livet i kyrkja er annleis enn det var.

– Vi har opplevd så mykje forfølging gjennom åra at vi takkar Herren for å ha fått ein felles stad å møtast, seier Feruz. ■

” Vi har opplevd så mykje forfølging (...) at vi takkar Herren for å ha fått ein stad å møtast.

Feruz

President Sadyr Japarov forsvaret innstramningen i trosfriheten med påstand om økning av ekstremisme.
Foto: Shutterstock



Strammer til trosfriheten

Kirgisistan, som lenge ble sett på som det minst strenge landet i Sentral-Asia, strammer kraftig inn på trosfriheten.

TEKST: FORUM 18 NEWS SERVICE OG STEFANUSALLIANSEN

■ **En ny religionslov** som gjelder fra 1. februar, gjør at alle trossamfunn med mindre enn 500 voksne medlemmer blir forbudt. Tidligere var grensen 200 medlemmer.

Bare trossamfunn med mer enn 500 medlemmer kan få registrering. Siden all utøvelse av tro utenfor familien krever registrering og tillatelse, vil svært mange trossamfunn rammes av den nye loven og blir dermed forbudt.

– Loven er en virkelig skam, sier en religiøs leder til nyhetstjenesten Forum 18. Han vil være anonym av frykt for represalier.

Loven rammer ikke minst muslimer, sier en ekspert til Forum 18.

– Staten har valgt én muslimsk lovskole og gjort den til den offisielle versjonen av islam. Myndighetene vil kontrollere alle muslimer, særlig de unge, sier ekspert.

«Verre også for kristne»

En protestantisk kristen leder, som også ber om å få være anonym, sier:

– Den nye loven gjør det ikke bedre eller lettere for oss å praktisere troen, den gjør det tvert imot vanskeligere.

Jeg har sluttet å tro på forbedringer i loven eller i myndighetenes holdning til kristne.

Før loven ble endelig vedtatt 26. desember, og signert av presidenten 21. januar, sa en annen protestantisk kristen til Forum 18:

– Jeg er redd at hvis disse endringene vedtas, og hvis myndighetene fortsetter sine tidligere strategier, vil mange kirker bli stengt.

Bøtene for brudd på lovens krav vil bli kraftig hevet. For første gang blir det et krav at også gudshusene til registrerte religiøse organisasjoner må registreres.

” Myndighetene ønsker å begrense vår trosfrihet så mye som mulig.

Kirkeleder i Kirgisistan

Nesten enstemmig

Bare én representant i nasjonalforsamlingen opponerte. Han stemte mot et forbud mot at folk går fra dør til dør og inviterer mennesker til moskeen – eller til en kirke. President Sadyr Japarov skrev på Facebook at det har vært en «økning distribusjon av radikalt materiale og bøker med propaganda» for det han kalte «feilaktige bevegelse».

Kirgisistan

- Hovedstad: Bisjkek
- Grenser til: Usbekistan, Kasakhstan, Kina, Tadsjikistan
- Folketall: 6,1 millioner (2023)
- Uavhengighet: 1991
- Religion: Islam: 87 prosent (flest sunni), kristendom: 10 prosent (ortodokse, katolikker og protestanter)

Kilde: Pew Research Institute (2022)



Etter å ha listet opp forbudte ekstreme organisasjoner, listet presidenten opp 14 samfunn «hvis aktiviteter ikke er forbudt av en domstol», blant andre ahmadiya-muslimer, adventister, protestanter og Jehovas vitner. Det er, skriver Forum 18, uklart om presidenten mener at de også bør forbys.

500 medlemmer

Det er ekstra krevende i et autoritært samfunn å få folk til å skrive under på søknad til myndighetene om registrering. Det er kjente eksempler på at også registrerte kirkesamfunn utsettes for politirazziaer, slik en katolsk kirke ble i 2019.

– Mange vil ikke identifisere seg selv overfor myndighetene som en av grunnleggerne av et religiøst samfunn, sier en menneskerettsaktivist, og legger til:

– Registrering gir et trossamfunn bare tillatelse til å eksistere, ikke den friheten en skulle forvente.

Om den nye grensen på 500 medlemmer sier en kirkeleder:

– Myndighetene ønsker å begrense vår trosfrihet så mye som mulig. ■

TRO STEMPLER SOM EKSTREMISME

Fredelige religiøse aktiviteter stemples som ekstremisme i alle landene i Sentral-Asia.

TEKST: STEFANUSALLIANSEN OG FORUM 18 NEWSERVICE

■ **Undertrykkelsen går** aller verst ut over muslimer som fengsles uten at det kan dokumenteres at de har oppfordret til eller brukt vold.

Turkmenistan, Tadsjikistan, Usbekistan, Kirgisistan og Kasakhstan utgjør Sentral-Asia. Alle var del av Sovjetunionen frem 1991, da unionen gikk i oppløsning og 15 republikker ble selvstendige. Det autoritære har aldri sluppet taket.

I strid med trosfriheten

Alle land har plikt til å beskytte innbyggerne mot ekstremisme som motiverer trusler og vold. Men lovene mot ekstremisme i Sentral-Asia går alle lengre enn dette, slår Den amerikanske kommisjonen for internasjonal trosfrihet (USCIRF) fast i en fersk rapport:

«Alle landene i Sentral-Asia praktiserer ekstremisme-lover i strid med tros- og livssynsfriheten».

Ekstremisme-lovene rammer blant annet klesdrakt og religiøs undervisning. Straffene inkluderer «trakassering, bøter, tvungen fornektelse av tro, forvaring, fengsling og i noen tilfeller tortur og utenomrettslige drap», ifølge USCIRF.

Flere titalls mennesker som er dømt for ekstremisme, står på USCIRFs liste over mennesker som er fengslet for fredelig utøvelse av trosfriheten.



Hvorfor må vår slektning kaste bort livet sitt i fengsel bare for å være tro mot sin religion?

Slektning av fengslet muslim i Usbekistan

Lange fengselsstraffer

Nyhetstjenesten Forum 18 skriver at åtte muslimske samvittighetsfanger i Usbekistan er torturert og dømt til fengsel på opptil ti år. De møttes privat for å diskutere tro og be – og ble anklaget for å forberede en «ekstremistisk terrororganisasjon».

En slektning av dem sier:

«Er dette vår skjebne at vi må lide for å be namaz (bønnen som bes fem ganger om dagen), følge islam og bare være et godt menneske? Hvorfor må vår slektning kaste bort livet sitt i fengsel bare for å være tro mot sin religion?» ■

Far, mor og to barn søkte ly i ei kyrkje – på flukt frå mobben i landsbyen. Foto: Ronald Boyd-MacMillan



Dei ville ikkje fornekta trua

Far, mor og to små barn måtte flykta for live. Mobben av hindunasjonalistar i landsbyen kravde at dei måtte gje opp den kristne trua.

TEKST: JOHANNES MORKEN, GIESSEN, TYSKLAND

■ **Den hindunasjonalistiske mobben** angrep landsbyen der det bur menneske frå eitt av Indias mange stamme-folk. Dei kristne i landsbyen fekk valet: Dei måtte forkasta trua og bli hinduar. Eller dei måtte flykta og mista alt dei eigde.

– Denne familien ville ikkje gje opp trua, fortel Ronald Boyd-MacMillan. Like før jul besøkte han delstaten Chhattisgarh saman med partnaren til Stefanusalliansen.

Landsbyar under angrep

I løpet av ei einaste veke i byen Jagdhalpur sør i Chhattisgarh møtte Boyd-MacMillan mange kristne som hadde flykta frå angrep på tre ulike landsbyar. Dei flyktande søkte hjelp hos slektningar eller hos kyrkjer som sikra mat og tak over hovudet.

– Familien hadde vore gjennom det svært mange har opplevd: Dei blei kalla inn til landsbyrådet med beskjed om å fornekta trua. Men dei ville ikkje. Dei hadde opplevd at ein alvorleg sjuk i familien blei frisk etter bøn,



Ronald Boyd-MacMillan møter og bed for ei gruppe kristne etter at dei vart jaga på flukt frå landsbyen dagen før. Foto: Privat

då kunne dei ikkje forneakta Jesus Kristus. Då dei nekta og flykta, brende mobben ned huset og tok buskapen og mais-avlinga, seier Boyd-MacMillan.

Magasinet Stefanus møter han i Giessen i Tyskland under ein konferanse i regi av International Institute of Religious Freedom (IIRF). Der er Boyd-MacMillan seniorforskar.

I India fekk han eit skakande møte med resultatane av eit tiår med hat, press og vald frå den paramilitære rørsla RSS og andre grupper som målretta går etter kristne og muslimar. RSS er del av same hindu-nasjonalistiske rørsla som regjeringspartiet BJP. Målet er India som land for hinduar. Aller verst er presset mot stammefolk som vel ei anna tru enn hinduismen.

Kriminaliserer skifte av tru

Chhattisgarh har ei lov som kriminaliserer konvertering. I januar vart det kunngjort at delstaten vil skjerpa lova etter modell frå nabostaten Uttar Pradesh. Der blei strafferamma for «ulovleg konvertering» i fjor heva frå ti til 14 års fengsel når menneske frå eit stammefolk vel kristen tru. Hundrevis av arrestasjonar og mobbangrep i fattige landsbyar er resultatet av lova i Uttar Pradesh – og tilsvarende i andre statar med slike lover.

Møtet med dei fordrivne kristne «var ein augeopnar», fortel Boyd-MacMillan:

– Eg fekk sjå kor systematisk RSS går fram i landsby etter landsby. Gjennom skulane spreier RSS løgner om at stammefolk blir kristne fordi dei får pengar frå utlendingar. Propagandaen fortel at gudane vil straffa landsbyen på grunn av dei kristne. Forfølginga som startar med ord, kryp inn i ein kultur og overtek. Så ein dag er det for seint, seier han og legg til:

– RSS går til landsbyrådet og får identifisert kven som er kristne. I tur og orden vert kristne kalla inn til

landsbyrådet med krav om å forneakta trua og bli hinduar. Ein god del fornektar trua i møte med brutale trugsmål. Dei som held fast på trua, må flykta, elles blir dei banka opp av ein mobb som blir mobilisert, også med alkohol. Det aller verste er at mobben kan vera folk dei kristne kjenner, som familie eller tidlegare skulekameratar, seier Boyd-MacMillan.

Han seier at dei som går til politiet, kan oppleve at politiet nekter å registrera saka.

– Landsbyrådet, mobilisert av RSS, går ofte også til eigedomsregisteret for å overta jorda til dei fordrivne. Dei tolkar lova som at dei har rett til det, for å sikra kulturen, men det er ikkje sant.

«Vi må styrkja kyrkja»

Boyd-MacMillan spør seg sjølv kva han ville gjort dersom han vart stilt på val om å forneakta trua eller ikkje, dersom huset hans blei brent og han måtte flykta frå mobben.

– Oppgåva i India er å utrusta kyrkja til å verta smartare enn mobben. Trass i hatet og presset veks kyrkja, ikkje minst fordi mange opplever lækjedom gjennom bøn, seier Boyd-MacMillan. ■

” Oppgåva i India er å utrusta kyrkja til å verta smartare enn mobben.

Roland Boyd-MacMillan



Det kristne samfunnet i Youhanabad i storbyen Lahore i Pakistan deltar i begravelse etter blodige angrep mot to kirker søndag 15. mars 2015. De 22 drepte har fått navn og foto på en martyrvegg. Foto: Shutterstock

Når kirken blør, blør himmelen

■ **Undrenes under** er at Gud ikke bare ble menneske og gikk gjennom verden uten å bli skitten på kjortelen, men at han faktisk ble det. Han gikk inn i skaperverket og gjorde seg til ett med skapte mennesker. Han gikk på våre veier og ble tørst der. Derfor kan vi si: Vårt støv er Guds støv. Vi kan også si: Vår lidelse er Jesu lidelse. Jesus fra Nasaret kunne si ting som: «Det dere gjorde mot en av disse mine minste, har dere gjort mot meg.» Og: «Den som tar imot et slikt lite barn i mitt navn, tar imot meg.» Han identifiserte seg med det ene mennesket, og han gjorde seg til ett med det som etter hvert fikk navnet kirken. Jesus Kristus finnes levende til stede i sin kirke i verden.

Du lider fortsatt, Kristus

Jostein Ørum

Hans Leo Hassler 1601/senere form
bearbejdet: Kristin Minde

The musical score is written in 4/4 time and consists of three staves. The first staff contains the melody with lyrics: "Du li-der fort-satt Kris - tus, i jor-dens min-ste små. Du kir-ke den er". The second staff contains the melody with lyrics: "sår - et, og kor-sets tid er nå. Du li - der her i ver - den og". The third staff contains the melody with lyrics: "fins i al - le sår, men midt i slag og trus - ler, Gud skap et nå-dens år!". Chord symbols are placed above the notes: E, F, Dm, Dm/F, E, Am, E, Am, F, Dm, G, C, G/H, Am, E/G#, Am(sus4), Am, G, F, Dm, C(sus4), C, F, Dm, E, Am, G, C/E, D/F#, G, C, Dm, Dm/F, E(sus4), E.

Det som hender kirken, hender Kristus. Og det er ikke slik at Jesu lidelse tok slutt da han ropte ut fra korset. Jo, det er fullbrakt. Jo, det er endegyldig. Jo, det er lys og det er for alltid – og dette verken kan eller skal gjøres om – men det er ikke dermed noe punktum. Veien går videre. Fortellingen om kirken slutter ikke. For dem som har søkt ly i skyggen av korset, ender ikke lidelsen der. Der tar man korset opp – og tar det med seg. For mange er det snarere der lidelsen begynner. Via Dolorosa, Lidelsens vei, går til korset. Men den går også fra korset. Og derfra går den ut i verden. Denne kirken er jeg en del av, og når den blør, blør himmelen.

Jeg har skrevet en bønn til han som fortsatt lider. ■

1. Du lider fortsatt, Kristus,
i jordens minste små.
Din kirke, den er såret,
og korsets tid er nå.
Du lider her i verden
og finnes i alle sår,
men midt i slag og trusler,
Gud, skap et nådens år!
2. Du lider blant oss, Kristus,
fremdeles i vår tid,
hos dem som går i mørke
og kjemper troens strid.
Du bor i Kirkens smerte
langs håpløshetens vei,
til korset og til graven,
men og, til sist: mot deg!
3. Din lidelse er tegnet
gjort synlig i vår dåp:
Du døde, og du sto opp
som verdens ekte håp.
Kom bo i våre tårer
og vær hos alle dem
som knytter livet til deg.
Å, Jesus, bær dem hjem!

Copyright © Kristin M. Kråkenes



Jostein Ørum
Prest og forfatter.

” Via Dolorosa, Lidelsens vei, går til korset. Men den går også fra korset, ut i verden.

Jostein Ørum

Matthew fra Ghana ble martyr sammen med 20 koptiske kristne fra Egypt. Foto: Wikimedia



SOM OM TROEN VAR SKREVET I PANNEN

Det siste Matthew og de 20 andre mennene gjorde, var å bekjenne navnet Jesus.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Det er ti år siden.** De kaldblodige drapsmennene var stolte over blodet som fløt på en strand i Sirte i Libya, 15. februar 2015. En video viste 21 menn i oransje kjeledresser. De ble ført over en strand av sortkledte, maskerte terrorister. På den nøye regisserte videoen som IS publiserte, knelte mennene foran sine bødler og fikk halsen skåret over.

Den utgaven mange i vest fikk se, stoppet før halshuggingen. De som så hele videoen,

” Jeg forestiller meg at kristendommen var like selvsagt for ham som hudfargen.

Martin Mosebach

og det gjorde familiene og mange andre kristne i Egypt, kunne se halshuggingen. Dermed kunne de også lese på de mennenes lepper hva de sa i sekundene før de ble drept: De sa frem Jesu navn.

Helgenkåret

De 21 er helgenkåret. 20 av mennene var koptere fra Egypt, 16 av dem hadde bodd i samme gate i den fattige landsbyen El-Or sør i Egypt, der Stefanusbarna, som Stefanusalliansen støtter, arbeider. Den siste var Matthew fra Ghana i Vest-Afrika.

I boken «De 21. En reise i de koptiske martyrenes fotspor» (St. Olav Forlag, 2022) spør forfatteren Martin Mosebach hva slags menneske han kan ha vært.

I hjemlandet hans er det sannsynligvis ingen koptere. «Kidnapperne trodde da heller ikke at han var kristen, ble det sagt, og ville la ham gå. Det opplevde den unge ghaneseren urettferdig», skriver Mosebach som fortsetter:

«'Jeg er kristen', skal han ha sagt – ikke 'Jeg tror på Kristus'».

«Jeg forestiller meg at kristendommen var like selvsagt for ham som hudfargen. Å fornekte sin kristentro ville for ham, slik jeg ser det, vel så mye som et svik, være å gi etter for håpløshet. Bødlene hadde



Et ikon av de 21 henger i Salle Fondation Sisley-d'Ornano i Paris. Det er laget av den serbiske kunstneren Nikola Saric.
Foto: Barbro Raen Thomassen

ikke undersøkt nøye nok da de ville la ham gå – ved nærmere ettersyn kunne de raskt fastslå at han var så sikker i sin tro at den like gjerne kunne vært skrevet i pannen hans.»

Sønn av en annen tid

Moseback skriver:

«Mannen som knelte overgitt og samlet mens han rolig ventet på kniven mot strupen, var, kunne man forestille seg, ikke bare sønn av et annet folk, men også av en tid som i stor grad er druknet i historiens mørke; en tid hvor menneskene visste hvem de var, og kunne ha tillit til at språket forutsetter virkeligheten, setter sitt segl på den og gjengir med sikkerhet det det skal gjengi. At setningen 'Jeg er kristen' skulle svare til virkeligheten – at det betød å være nettopp kristen og ta alle konsekvensene av det – fremstår for oss ganske fjernt. Et menneske i vår tid kan da umulig tenke slik, ville man kunne hevde – hvis ikke blodet fra Matthews hals hadde rent ut i havet ved Sirte.» ■

Fastens glede

■ Noen tenker at faste er en form for botferdig avstraffelse av kroppen. Men slik er det ikke i vår ortodokse tradisjon. Det asketiske i vår tradisjon har en mye dypere begrunnelse. For oss er fasten glede.

La oss gå til fortellingen om de første menneskene i paradiset. Da Gud hadde skapt menneskene i sitt bilde, gav ham dem alle planter som setter frø og alle trær som setter frukt med frø. Dette skulle de ha å spise.

Fra paradiset

Når vi faster, tar vi til oss den samme maten som Adam og Eva spiste i paradiset. Gjennom dette får vi hjelp til å berøre den paradiserfaringen som vi alle bærer med oss. Vi fornemmer atmosfæren fra paradiset og forsterker den med vår gudshenvendelse i bønn og takk. Slik bidrar fasten til å gjenopprette vår tapte enhet med Gud.

Fasten er dermed glede. Fastens innhold er ikke å utslutte kroppens behov, men å finne tilbake til paradislivet som vi en gang hadde del i, gjennom skapelsen.

En annen ting er at fasten gir oss helsemessige gevinster. Det er bedre for kroppen at vi i perioder avstår fra fet mat og animalske produkter. På den måten uttrykker vi gjennom fasten at vi respekterer vår egen kropp og dens plass i skaperverket. Dette kan gjerne bli sett på som en økologisk side ved fasten. (...)

Be om frukter i livet

I dag er vi opptatt av fastens glede og positive virkninger. Vi oppmuntrer gjerne mennesker til å faste, men de oppfordres samtidig til å finne sin egen måten å gjøre det på. Vekten ligger ikke på å utslutte kroppens lyster, men på fastens dype glede.

Hvis du går inn i en fasteperiode, er det først og fremst viktig at du ikke skader deg selv. Du skal ta vare på kroppen og ikke bryte den ned.

Gjennom fasten skal du bli bedre i stand til å leve slik at din ånd får styre kroppen og ikke omvendt.

Når du faster, skal du også be Den hellige ånd om å skape frukter i ditt liv.

Gjennom Åndens nærvær kan du enda sterkere fornemme paradisetets glede. ■

TEKST: DEN KOPTISK-ORTODOKSE BISKOP THOMAS, fortalt til Eyvind Skeie i boken «I kjærlighetens sirkel». Lett forkortet. Gjengitt med tillatelse.



På retreatstedet Anafora i Egypt praktiseres fasten slik grunnleggeren, biskop Thomas, beskriver.
Foto: Pål Brenne

Han stoppa bombemann

Som 23-åring hindra Sikander ein
sjølvmoordsbombar frå å sprengja seg
i ei fullsett kyrkje. Ti år etterpå er han
framleis vakt ved kyrkja.

TEKST: SHARON SHEEMER I LAHORE, PAKISTAN,
OG JOHANNES MORKEN



Kristne i Youhanabad i sorg i gravferda til martyrane frå angrepet mot to kyrkjer i mars 2015. Foto: Shutterstock

Sikander Inayat vakta denne blå porten inn til plassen framfor St John katolske kyrkje då angrepet kom i mars 2015. Her er han framleis vakt. Foto: privat

” I ambulansen takka eg Gud for at han hadde redda folket i kyrkja.

Sikander



■ – **Eg har aldri vore redd** for å gå i kyrkja, seier Sikander Inayat til Magasinet Stefanus ti år etterpå. Han vart hardt skadd i basketaket som berga mange liv i 2015.

Bydelen Youhanabad i storbyen Lahore er området med flest kristne i Pakistan. Der bur det 100 000 kristne.

Søndag 15. mars 2015, to veker før påske – den viktigaste kristne høgtida. Her tek kristne på alvor budskapet om påsken som triumfen over døde. Fattige kristne fylte kyrkjene, klare for gudsteneste.

Leiarane hadde lenge bede om politivern, men ikkje fått. Sikander Inayat var ein av fleire unge som stilte som friviljuge vakter utanfor St. John katolske kyrkje. Ingen ukjende skulle sleppa gjennom den blå porten, inn til plassen framfor kyrkja.

Eksplasjon og skot

– Brått hørde vi ein eksplosjon. Først trudde vi det var ein gass-sylinder, men så hørde vi skot, fortel Sikander Inayat.

I kaoset hørde 23-åringen rop om at han måtte stengja porten.

– Eg fekk beskjed om å låsa frå innsida. Ein mann prøvde å trengja seg inn. Men eg kjempa med all kraft for å stengja porten. Terroristen slo meg med ei jernstong og skadde auga mitt. Eg mista hørselen på eitt øyra fordi han også skaut. Men trass i smerta klarte eg å skuva mannen tilbake og låsa porten, fortel Sikander i dag.

Ei anna vakt, 19-åringen Akash, kasta seg over mannen på utsida. Han nekta å sleppa terroristen, som då utløyste sjølv-mordsbomba og drap seg sjølv og Akash momentant. I trykket frå eksplosjonen vart Sikander treft av jarnporten og kasta bortover plassen medan blodet rann.

– I ambulansen takka eg Gud for at han hadde redda folket i kyrkja.

Hardt skadd, sterk i trua

Eit tilsvarende angrep ramma Christ Church like ved. Også der vart terroristane stoppa utanfor kyrkja.

Sikander kjende seks av dei i alt 22 kristne dødsoffer fra angrepa mot dei to kyrkjene. Dei 22 har fått foto og namn på «martyrveggen». Hadde terroristane kome seg inn i kyrkjene, ville dødstala vore dramatisk mykje høgare.

I dag er Sikander 33 år og gift med Sara. Han er eigedomsmeklar og leiger dessutan ut gardsplassen til tilstellingar. Han vart blind på det eine auga som vart skadd i skytinga, og det renn heile tida puss. Han høyrer omtrent ikkje på det eine øyra. Metallbitane i kroppen gjev han framleis hevelsar i beina og i midja. Han har eit stort arr i tinningen, over det øydelagde auga.

– Eg har det vanskeleg. Men livet går vidare, eg takkar Gud for det.

Å gå i kyrkja er like viktig. Etter angrepet fekk dei friviljuge vaktene hjelp av væpna politi, eit vakthald som blir trappa opp i høgtider.

– *Kor viktig er trua for deg, Sikander?*

– Jesus er den levande Gud. Eg har vitna for hundrevis at han har frelst meg og styrkjer meg i vanskelege situasjonar. Eg vil halda på trua til det siste andedraget mitt.

Brende ned bydel

Den 9. mars 2013, to år før angrepet i Youhanabad, ramma ein tragedie Joseph Colony. Det er ein liten, fattig kristen enklave i utkanten av Lahore.

I ein dispuitt med ein nabo 8. mars blei den kristne gatefeieren Sawan Masih skulda for å ha fornærma profeten Muhammed. Dagen etter kravde ei stor folkemengd at Sawan Masih måtte arresterast for blasfemi. Ein religiøs leiar ville ha han drepen. Ein mobb på meir enn 3000 brende ned over 100 kristne heimar, dusinvis av forretningar og minst to kyrkjer.

Sawan Masih blei to veker seinare dømd til døden. Etter godt over sju år på dødscelle blei han i oktober 2020 frikjend i ein høgare domstol. I dag lever familien trygt ein annan stad i Pakistan.

Ein som hugsar det brutale angrepet på Joseph Colony i mars 2013, er 72 år gamle Kairaat Masih. Han driv framleis skraphandelen sin. →



St John katolske kyrkje er ofte fullsett. Foto: Sikander Inayat



Kairaat Masih brukte to år på å byggja opp att huset etter brannen i Joseph Colony, her i intervju med Sharon Sheemer. Foto: HFO



– Eg var på arbeid. Som politisk aktiv og medlem av All Pakistan Minority Alliance tok eg kontakt med politiske forbindelsar og mobiliserte det lokale næringslivet. Dei prøvde å gripa inn og løysa saka, men forsøket var diverre mislukka, fortel han til Magasinet Stefanus.

Han legg til:

– Mobben viste ingen nåde. Dei ropte slagord, oppfordra til drap av alle som kom i deira veg og brende ned Joseph Colony.

Hjarteskjerande

Dei kristne vart klar over mobben og flykta like før valdsmennene kom. Ingen liv gjekk tapt. Blant dei brende heimane var også huset til Kairaat Masih.

– Det var hjarteskjerande. Eg hadde bygt huset med hardt arbeid. Eg var nedtrykt. Kona og dei fire borna gråt på branntomta.

Alle fekk statleg kompensasjon for brende heimar og forretningar, tilsvarande 35 000 kroner kvar.

– Men det tok to år å få alt bygt opp igjen.

– *Korleis lever folk med minna 12 år etterpå?*

– Folk lever framleis i frykt, ingen gløymer den grufulle hendinga. No lærer folk borna sine å unngå kranglar ikkje berre seg imellom, men også med muslimske naboar, for å hindra konflikter som kan føra til noko liknande. Kvardagen for familien vår er som før, men vi kjenner frykta for angrep på grunn av små saker.

Guds velsigning

Han fortel at sidan han prøvde å gripa inn for å løysa saka og fordi han framleis prøver det når det er nødvendig, er «eg ikkje godt likt av ein del muslimar fordi eg er ein sterk og frittalande kristen».

– *Kva tyder trua for deg?*

– Det er Guds store velsigning at eg fekk veksa opp i ein kristen familie. Eg vil halda fast på trua på Jesus til det siste andedraget mitt. Trua gjev styrke til å tåla sjølv ein tragedie som dette, seier Kairaat Masih. ■

- **Pakistan**
 - Islamsk republikk
 - Statsreligion: Islam
 - Folketal: 241 millionar
 - Hovudstad: Islamabad
- Kjelde: Store Norske Leksikon*



” Kona og dei fire borna våre gråt på branntomta.

Kairaat Masih

Pakistan: Religion

- Muslimar: 96,5 prosent
- Hinduar: 1,9 prosent
- Kristne: 1,6 prosent
- Andre: 0,1 prosent
- 56 prosent av muslimane er urolege/svært urolege på grunn av ekstremisme
- 8 av 10 muslimar: sjølv-mordsbomber/vald kan aldri rettferdiggjeras
- 13 prosent av muslimar: Vald kan alltid/svært ofte forsvarast

Kjelde: Pew Research, 2013

Send appell for dødsdømd

I eit fengsel i Pakistan sit firebarnsfaen Asif Pervaiz, dømd til døden for blasfemi.

Han vart fengsla i 2013 og har vore sperra inne sidan då. Maroline, kona hans, har einearsvaret for fire barn.

Den 20. september 2020 blei Asif dømd til døden. Han ventar i det uvisse på ankesaka.

På www.stefanus.no, nettsida vår, kan du lasta ned eit appellbrev med krav om Asifs fridom.



Asif Pervaiz (i kvit fangedrakt) saman med (f.v.) ein politimann, advokat Saif-ul Malook og Sajid Christopher frå Human Friends Organization (HFO), Stefanusalliansens partner. Foto: HFO

Pastor arrestert

Vietnam: Politiet i Ho Chi Minh-byen arresterte 16. januar den protestantiske pastoren Nguyen Manh Hung (71), han ble anklaget for «propaganda mot staten». På Facebook skrev han kritisk om maktmisbruk mot små bønder som frarøves jord.

Han er medlem av Vietnams interreligiøse råd som kjemper for trosfrihet for alle. Pastoren høyrer til majoritetsfolket kinh, motsatt de fleste andre fengslede kristne som tilhøyrer etniske minoriteter, melder CSW.



Nguyen Manh Hung.
Foto: CSW

Bibler distribuert

Syria: I forrige utgave meldte George Andrea sin bekymring for de kristnes situasjon i Syria etter at militser hadde tatt makten. Andrea, som leder bibelselskapet fra Aleppo, sier nå at kristne de første månedene er behandlet nokså godt. «Noen tar hevn, men i det store og hele er det like kaotisk og usikkert for alle. Juledistribusjonen av bibler fikk pågå i alle deler av vårt elskede land, for første gang på flere år. Vi fortsetter vårt harde arbeid.»



George Andrea leder bibelarbeidet i Syria.
Foto: Bibelselskapet i Syria

Biskop deportert

Nicaragua: Enda en biskop er deportert fra Nicaragua. Den 10. november ble biskop Carlos Enrique Herrera Gutierrez med tvang sendt ut av landet uten rett til å returnere. Flere av hans bispekolleger og mange prester er straffet på samme måten for å kritisere Ortega-regimet. Den første deporterte biskopen var Roland Alvarez Lago, melder CSW.



Biskop Carlos Enrique Herrera Gutierrez er kastet ut av Nicaragua.
Foto: CSW

Kirker bombet

Myanmar: Den 1. februar 2021 gjennomførte Myanmar's hær et kupp. Fire år etterpå kjemper væpnede grupper blant de etniske minoriteter mot juntaen. «Krisen i Myanmar's etniske stater er en av verdens glemte tragedier. Det er ingen overdrivelse å si at det er Asias Ukraina – bortsett fra at inntrengeren i disse områdene er et kriminelt innenlandsk regime, ikke en utenlandsk stat», skriver Myanmar-kjenneren Ben Rogers i UCANews. Juntaen retter luftangrep mot minoritetenes landsbyer, bomber skoler, sykehus og kirker og andre religiøse bygg. Soldater voldtår, torturerer og halshugger landsbyboere. Blant annet har det gått hardt ut over Chin-staten der 90 prosent er kristne.



I byen Thantlang i Chin-staten i Myanmar er 20 kirker brent ned. Foto: CHRO

SATT FRI – SÅ BLE DE FENGSLET IGJEN

To kjende iranske kristne som vart benåda og sette fri etter til saman seks år i fengsel, blei brått fengsla på nytt.

TEKST: ARTICLE 18 OG STEFANUSALLIANSEN

■ **Dei to samvitsfangane** leia huskyrkjer. Ifølgje trusfridomsorganisasjonen Article18 vart Nasser Navard Gol-Tapeh og Joseph Shahbazian arresterte på nytt av etterretningsagentar i heimane sine i Teheran-området 6. februar.

Dei vart sende tilbake til det berykta Evin-fengselet i hovudstaden Teheran. Også fleire andre kristne i hovudstaden vart varetoksfengsla denne dagen.

– Arrestasjonane framkallar minne om bønnene frå dei tidlegare samvitsfangane som inspirerte ein kampanje med krav om lovlege stader å samlast og be, seier Steve Dew-Jones i trusfridomsorganisasjonen Article 18, som Stefanusalliansen støttar.

Bøner om friedom

I bønene heiter det: «Når eg vert sett fri, vil de senda meg tilbake i fengsel att fordi eg held fram med å tru på Kristus? Vil eg bli skild frå familien min igjen? Vil eg framleis verta truga med eksil?».

Sidan konvertittar har forbod mot å gå inn i kyrkjene til dei anerkjende armenske og assyriske kristne, kan dei berre møtast i private heimar. Huskyrkjer vert stadig raida av agentar for ayatolla-styret.

Både Joseph og Nasser vart dømde til 10 års fengsel for «handlingar mot nasjonal tryggleik». Dommane kom på grunn av engasjementet i huskyrkjer.


Nasser (63) som er konvertitt, vart sett fri i oktober 2022 etter nesten fem år i fengsel. Joseph (60) som vart sett fri i september 2023 etter litt over eitt år i Evin-fengselet, er armenar. Men sidan han er leiar for ei huskyrkje av konvertittar frå islam, er også han forfølgd.

Konfiskerte gitar og biblar

Same dagen som Joseph og Nasser blei arresterte, storma ei gruppe på minst 20 sivilkledde agentar for



Nasser Navard Gol-Tapeh og Joseph Shahbazian blei fengsla på nytt 6. februar. Foto: Article 18



Somayeh Rajabi blei arrestert 6. februar. Foto: MohabatNews

Revolusjonsgarden inn i ei samling med 80 kristne konvertittar i nordlege Iran. Biblar, musikkinstrument og digitalt utstyr blei konfiskert, melder Article 18. Den kristne konvertitten Somayeh Rajabi blei arrestert.


Regimet i Iran held altså i 2025 brutalt fram forfølginga av kristne konvertittar og huskyrkjene deira. ■

263 år i fengsel

I 2024 blei 96 iranske kristne dømde til 263 år i fengsel til saman. Det var seks gonger så mykje som i 2023. Yasin Mosavi, ein av minst 46 kristne som blei arresterte i jula 2023, fekk 15 år bak murane.

Dette blir dokumentert ein fersk rapport som også viser at svært mange arrestasjonar av og dommar mot kristne aldri blir kjende. Mørketala er store.

Skann OR-koden med mobilkameraet. Les rapporten «The tip of the iceberg» («Toppen av isfjellet»).



Les meir

Norske kyrkjelydar kan no også velja Iran som misjonsprosjekt. Side 22



Daniel Hop-Hansen spiller inn andakter for Bedehuskanalen. Foto: Bedehuskanalen

Stefanus- alliansen i radio og på TV

I fjor laget kommunikasjonsrådgiver Daniel Hop-Hansen i Stefanusalliansen ti radioandakter med tittelen «Stefanushjørnet». Det flettes inn fortellinger fra den forfulgte kirke. Serien ble sendt på en rekke kristne radiostasjoner: Ptro, P7, Radio Valle, Radio MG og Radio Øst.

«Stefanushjørnet» blir i år også sendt hver søndag på Misjonsradioen Agder, reprise hver tirsdag. Radio Sunnmøre planlegger også å sende. Hop-Hansen er godt i gang med 12 nye radioandakter.

TV-kanalen Bedehuskanalen har også vist interesse for Stefanusalliansen. I programmet TV 12 Nyhetene har kanalen de siste månedene sendt en rekke innslag om forfulgte kristne. Hop-Hansen har nå spilt inn 6 morgenandakter, til programmet «Dråper fra kilden».

Quiz om de forfulgte




Istanbuls landemerke har en meget lang og sammensatt historie. Hva heter bygget? Foto: Shutterstock

Hva vet du om landene Magasinet Stefanus skriver om?

Tyrkia

1. Hva het Paulus sin hjemby?
2. Under en av misjonsreisene holdt Paulus på å miste livet i en av byene som du finner ruinene av i Tyrkia. Hvilken?
3. Flere av brevene i Det nye testamentet er skrevet til kristne i dagens Tyrkia. Nevn noen.
4. Bibelens by Antiokia heter i dag tyrkiske Antakya. Hva begynte Jesu etterfølgere å kalle seg der?
5. Tyrkias høyeste fjell er omtalt i Det gamle testamentet og regnes av et naboland som deres nasjonalfjell. Hva heter fjellet?
6. Hvor mange innbyggere har Tyrkia?
7. Hva heter presidenten?
8. Hva heter hovedstaden?
9. Stefanusalliansen støtter protestantiske menigheter i to byer. Hvilke?
10. Stefanusalliansen støtter Den syriske ortodokse kirken i sørøst. I et gammelt kristent kjerneområde er bare et par tusen kristne tilbake. Hvorfor så få ?
11. Hva var det tidligere navnet på Istanbul, Tyrkias største by?
12. Hvem ga opphav til Istanbuls gamle navn (spørsmål 11)?
13. Byen ble fra år 330 også kalt Roma Nova (Nye Roma). Hvorfor?
14. Hvilken norsk konge kom i år 1111 til byen etter først av ha vært i en enda mer kjent by lengre sør?
15. Hva var det norrøne navnet på dagens Istanbul?
16. Hvem erobret byen i 1453?
17. Hva heter stredet som skiller den europeiske og asiatiske delen av Tyrkia?
18. Istanbuls landemerke har vært kirke, moské og museum. Hva heter bygget?
19. Hvor mange utenlandske misjonærer var i januar kastet ut av Tyrkia siden 2019? (Magasinet 1-2025)

Skann QR-koden med kameraet i mobilen, finn fasiten og lær mer om Tyrkia, kristendommen og Tyrkias historie.



Dere kan støtte misjon

Ønsker din menighet sterkere fokus på misjon og lære mer om kristne trossøsken?

TEKST: CHRISTINE GRIPSGÅRD LUNGA

■ **Gjennom en misjonsavtale** med Stefanusalliansen får dere bli kjent med situasjonen for trosfriheten og forfølgelse av kristne i fire land. Dere kan be. Dere kan lære kristne praksiser vi kan inspireres av. Dere kan gi trygghet for våre partnere ved å samle inn penger.

Hvilke prosjekter?

Vi tilbyr misjonsprosjekt i fire land.

Iran: Dette nyeste prosjektet lanseres i vår. Det gir støtte til undergrunnskirker og dokumentasjon av brudd på trosfriheten.

Egypt: To diakonale prosjekter gir mat, helse, omsorg og mulighet for utdanning.

Tyrkia: Menighetsbygging for å gi trygge felleskap i et land der mange som blir kristne, risikerer utfrysning og diskriminering.

Pakistan: Rettshjelp, nødhjelp og traumebehandling for kristne og andre etter blasfemianklager, tvangskonvertering og vold. I tillegg arbeider vår partner med politisk påvirkning for bedre lovverk og praksis.

Hva gjør dere?

Dersom menigheten ønsker en misjonsavtale: kontakt oss. Vi lager en skriftlig avtale om hvilket prosjekt menigheten velger, hvor lenge avtalen skal vare og hvilket innsamlingsmål menigheten har satt seg.



Nå blir også Iran misjonsprosjekt. Bildet viser en forfulgt kristen konvertitt som har vært student hos Stefanusalliansens partner Pars.

Foto: Johannes Morken

Tenk gjennom hvilket prosjekt/land som vil skape størst interesse, engasjement og giverglede. Søker dere et prosjekt med diakonal profil, evangelisering eller søkelys på menneskerettigheter?

Hva får dere?

Dere får hvert år fire nyhetsbrev på e-post med oppdateringer, historier og aktiviteter. Dere får også en pakke med relevante brosjyrer, bønnekort, plakater og barneressurser.


Vi oppfordrer menighetene til å ta med misjonsprosjektet i alt arbeidet – i barneopplegg, konfirmantsamlinger, gudstjenester og andre aktiviteter. Slik blir menigheten godt kjent med prosjektet. Det er også mulig å få besøk fra Stefanusalliansen.

Vi tror at god oppfølging gir menighetene bedre eierskap, bedre kjennskap og sterkere engasjement.

Randesund menighet i Kristiansand som i fire år har hatt misjonsprosjekt i Egypt, sier: «Vi har fått støtte arbeidet og samtidig fått mye tilbake. Stefanusalliansen har fulgt godt opp gjennom informasjon og besøk.»

Stefanusalliansen er del av Samarbeid menighet og misjon (SMM) – et samarbeid mellom Den norske kirke og syv misjonsorganisasjoner. Vi arbeider for at global misjon blir del av menighetens liv og at menighetens tilhørighet til den verdensvide kirke blir synlig gjennom blant annet en misjonsavtale.

Ønsker dere mer informasjon? Skann QR-koden, eller kontakt oss på post@stefanus.no



En bønnevenn er kanskje deg?



9:41



Bli
BØNNEVENN
for dem som forfølges for sin tro

Du får ukentlige bønnebehov fra dem som forfølges, til din e-post fra Daniel Hop-Hansen i Stefanusalliansen.



Helt gratis!
Skann QR-koden
og meld deg på i dag!



PÅMELDING

FLOWCODE

PRIVACY.FLOWCODE.COM

Bli med å løfte enkeltmennesker opp framfor Gud i bønn.

Mennesker som forfølges for sin tro, opplever ofte en overveldende ensomhet. Men de forteller også om konkrete hendelser hvor Gud har beskyttet dem, og at de har kjent på en indre fred. Det å vite at noen ber for dem, løfter motet, gir håp og ny energi til å møte alt det vanskelige. Du kan enkelt melde deg som **BØNNEVENN** på be.stefanus.no/be eller skann QR-koden med ditt mobilkamera, klikk på lenken.

BLASFEMILOVEN:

Et alt for enkelt redskap for de som vil kristne vondt i Pakistan. Vi du bidra til en endring?



Trygg i troen, men det er ikke trygt å tro i Pakistan

– Terroristen prøvde å trenge seg inn. Men jeg kjempet med all kraft for å stenge porten til kirka. Terroristen slo meg med en jernstang og skadet øyet mitt. Jeg mistet også hørselen på ett øre, fordi han skjøt. Men til tross for smertene, klarte jeg å skyve mannen tilbake og låse porten, forteller Sikander. Foto: Stefanusalliansen.

En annen vakt, 19-åringen Akash, kastet seg over mannen på utsiden. Han nektet å slippe terroristen, som utløste selvmordsbomben og drepte seg selv og Akash øyeblikkelig. Hadde terroristene kommet seg inn i kirken, ville dødstallet vært mye høyere. **22 kristne mistet livet etter angrepene mot to kirker den dagen.**

Den kristne gatefeieren **Sawan Masih** ble beskyldt for å ha fornærmet profeten Muhammed. Dagen etter ble han arrestert for blasfemi. Sawan ble to uker senere dømt til døden. Etter sju år på dødscelle ble han endelig frikjent, takket være dyktige advokater. I dag lever han med familien i skjul et annet sted i Pakistan.

– **Vi er redde.** Nå lærer vi barna våre å unngå krangler, ikke bare med hverandre, men også med muslimske naboer, for å hindre konflikter som kan føre til falske anklager om blasfemi, sier Kairaat Masih. *Les alt på side 16-19.*

I tillegg til å hjelpe familier som har blitt ofre for blasfemiloven og gi rettshjelp til trosfanger, kjemper vår partner Sajid Christopher i Human Friends Organization hver dag for at mennesker som Sikander og Sawan skal få rettferdighet og muligheter i Pakistan. Gjennom et tverrreligiøst nettverk lokale politikere og ledere, prøver de også å endre blasfemilovene som så ofte blir et redskap for **ondskap**.

Blasfemiloven har for mange ofre!

Vil du bli med i kampen for endring, og gi en gave som hjelper dem som lider?

Gaveeksempel:

Gi mat og helsehjelp til blasfemidømte i fengsel:

kr 360

Gaveeksempel:

Gi én ukes mat og hushold for en familie som må leve i skjul:

kr 710

Gaveeksempel:

Bidra med advokat-hjelp til blasfemi-anklagede som Sawan:

kr 1720

v:pps

til **19013**
- merk med:
trygg



Alle gavestørrelser bidrar i kampen til det er trygt å tro